

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 23.februar 2018

Stad: Nesbyen, Næringstunet

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor, Ål kommune
Petter Rukke, Hol kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Tore Haraldset, Nes kommune
Tor Egil Buøen, Flå kommune

Oddvar Grøthe hadde forfall.

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
Ulrikke Ytteborg, rådgjevar

Frå Buskerud fylkeskommune møte:

Anne Sandum, fylkeskontakt
Kjersti Bærug Hulbakk, regionkontakt

Frå rådmannsutvalet møte:

Ole Johnny Stavn, Hol kommune
Tone Tveito Eidnes, Ål kommune
Torbjørn Hansen, Nes kommune
Odd Egil Stavn, Flå kommune

SAK 09/18 HALLINGDAL UNGDOMSRÅD, ÅRLEG ORIENTERING

Representantar frå Hallingdal Ungdomsråd (HUR) orienterte om arbeidet i 2017 og kva det blir arbeid med no, vedlagt presentasjon. HUR avslutta med eit lite kulturelt innslag.



SAK 10/18 PROSJEKT «LIVSMEISTRING I EIT INKLUDERANDE LÆRINGSMILJØ»

Eldgrim Springgard orienterte på vegne av Oppvekstleiarforum i Hallingdal om avslutta arbeid med Felles Løft for tidleg innsats i Hallingdal 2010-2017 og om utviklingsområde 2018-2020, vedlagt presentasjon. Med bakgrunn i lokale utfordringar i barnehagar og skular, resultat i elevundersøkingar, Ungdata resultat og nasjonale føringar, vedtok Oppvekstleiarforum våren 2017 at neste utviklingsområde skal vera: Livsmeistring i eit inkluderande læringsmiljø. Arbeidet skal vere tufta på lokale behov og lokale handlingsplanar.

SAK 11/18 OMORGANISERING NAV**Vedtak**

Prosjekt for NAV Hallingdal er etablert som eit partnerskap mellom kommunane i Hallingdal og NAV Buskerud. I møtereferat 12.2.2018 (vedlagt) står det m.a.: «Elisabeth Holen gjentok beslutningen om at statlige ressurser skal samles på Gol innen 15. september 2018.»

Regionrådet for Hallingdal oppfattar dette som eit ultimatum og stiller spørsmål ved om prosessen i Hallingdal er eit reelt partnerskap. Regionrådet ber om eit snarleg møte for å klargjera synspunkt og vidare prosess, før endeleg handsaming i kommunane.

SAK 12/18 HALLINGDAL OG EU/EØS

Jan Edøy, direktør [Osloregions Europakontor](#) orienterte om EU/EØS, regionalpolitikk og aktuelle [Eu-program](#).

Det var dialog og drøfting om mogelegheitsrommet for Hallingdal.

Som ei vidareføring blir det arrangert ein eigen temadag 13.mars, Hallingdal og EU/EØS, saman med Buskerud fylkeskommune og Osloregionens Europakontor.

SAK 13/18 EVENTUELT**Møte med politiet**

Dagleg leiar avklarar tidspunkt for møte med påtroppande geografisk driftseiningleiar Buskerud (GDE) Øybvid Aas

Ringeriksbanen

Dagleg leiar orienterte om [Bane NOR sine faglege innspel](#) til jernbanesektoren sitt handlingsprogram for perioden 2018-2029, der det blir skapt usikkerheit i forhold til tidspunkt gjennomføring av m.a. Ringeriksbanen.

Frist for å sende Handlingsprogrammet for jernbanesektoren på høyring er 6.april og frist for endeleg fastsetting av programmet av Jernbanedirektoratet er 1.juli 2018. I utgangspunktet skulle handlingsprogrammet vore lagt ut på høyring 13.oktober og fastsatt 1.februar 2018

Kontrollarbeidet i Flå kommune

Ordførar Tor Egil Buøen orienterte kort om prosess i Flå, i forhold til å få kontrollarbeidet på rett kjøp.

Samling regionrådet/rådmannsutvalet

Samling regionrådet/rådmannsutvalet bli onsdag 14.3, kl. 09:00 – torsdag 15.3, kl. 13:00, på Oset. Aktuelle tema vart drøfta

SAK 14/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL 23.2.2018**Vedtak**

Protokollen er godkjent.

Hallingdal 23.2.2018

Solveig Vestenfor Ål kommune

Petter Rukke, Hol kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune